

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 111. Samling og kultur Fylke: Vest-Syden
 Tilleggsspørsmål nr. ~~Småhandels~~ Herad: Lamsdal
 Emne: Bygdelag:
 Oppskr. av: T. K. Steinsland Gard:
 (adresse): Lamsdal G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein berka nemningane eng og
 utstaller. Ei ekre idgra er eit engstyk-
 ke som ligg greitt til. Egrene var helst
 gamle åkrar som blei attlagte til eng. Egrene
 blei gjerne gjødsle med mjølk mjøg eller
 aske.

På utstallene desse nemningane: stalle-
 myr, ein stee, fleirdal stoa - langs elve
 eller bekkefar, ei li - d. e. stakk inn i
 millom laustskog og krat, ei joda, d. e.
 smalt stallestykke inn millom lynn eller
 laustkrat, ein kjeme - smalt stallestykke
 inn millom bergtannar.

Songor - skiltutstaller har eg ikkje høyr
 er. Fluttor har ikkje vore brukta i Lamsdal
 det måle då vera for svært lenge sidan

2

3. På eng som gjerne ville mose seg, sad
 mjølk dei ofte med sterk sauerok. Dei
 trunde då at saueroka tok knekken på
 moser. Ville dei leggja att gamal åker
 til eng (agrar) så sadde dei grasfra, d.
 v. s. dei sadde bost på løbønnen (skraba løv)

4.

Dei dyrka sjeldan myr. Dei heldt seg til bakkejord. Grøfning og dyrking av myr, kom fyrst i sving då kunstgjøt-sla kom i bruk

5/

Dei gjøtsla egrene med vintergjøtsel sparde berre att gjøtsel til åkrane. Køynde gjøtsla ut om hausten eller tidleg om våren, heiv ho ut over egren med møgelslyng (tugreip) eller med jarngreip. På smalla dei jamna ho ut over med ei horverive d. e. tynk og sterk rive, gjerne med jarnkridar. Eller, dei hogg ned ei bjørk og køynde henne med grønar og brøster på over egren til gjøtsla var godt smalla.

6. Ofte brant dei opp ein felle liten åker, gjøtsla han og sādde neper, nebe Ein slik liten nepeåker kalla dei eit nebe-tre.

7. Dei sette utlusa slik at enga skulle få godt av sigel sedå - d. e. gjøtsel-valnet. Slikt eit engestykke som låg i sedå kalla dei ei fid, bundel form fidø. Eit engestykke som låg slik at det fekk litt mjlk av sedå frå fjøset, fløven kalla dei ei dega, b. form dega

8. Dei var smalla gjøtsla med rive eller bjørkedrag like til det siste.

9-21. Fekte brukt her.

Gjøtsla fra sommarfjos, køynde dei heil ut om hausten.

5684

V. Agd.
Lårdal


Tobias K. Steinsland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Nei

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nei

3730